



Sagvåg, Stord

8 leilegheiter med sjøutsikt



Type:
Leilegheiter



Pris:
Frå 3 445 000,-



Bruksareal:
81,5 – 140 m² + carport og 5 m² sportsbu

I bustadprosjektet Sago, på historisk grunn like ved bryggekannten i Sagvåg, har Blink Hus Valvatne for sal åtte moderne leilegheiter med carport. Utsikt til hamna og sjøen..

Sago – eit bustadprosjekt frå:



Valvatne

OMRÅDET:

Ein maritim kvardag

Etter suksessen med Holmen og Høvleriet, er Blink Hus Valvatne klar med siste steg i bustadutbygginga langs sjøkanten i Sagvåg sentrum. I området der den gamle «Valvatnasago» tidlegare stod, kan du no nyta dagane i ei lettstelt leilegheit – **tett på hamna og bryggekanten.**

Den gamle sagplassen, lunt og fint inst ved Sagvåg brygge, er som skapt for det gode liv i maritime omgjevnader. Dei vestvende leilegheitene får god utsikt til sjøen og hamna. På bryggekanten like framom huset kan du nyta sjølufta samtidig som du strekkjer litt på beina. Og det har du tid til, for her slepp du bruka fritida på stell av ein heil einestad og tilhøyrande hage. Med mange båtlag og marinaer i nærleiken, er det også moglegheiter for å skaffa seg båtplass til eigen farkost.

Kystlandsbyen Sagvåg er nest største tettstaden i Sunnhordland, og nede i hamna bur du svært sentralt i høve til butikkar, bensinstasjon, fysioterapeut, frisør, serveringsstader, tannlege og dei andre tilboda i sentrum. Skular og barnehagar har du òg i gangavstand, og hoppar du i bilen tek det berre sju-åtte minuttar før du er på Heiane – Sunnhordlands største handels- og servicesenter.

Sagvåg og Litlabø byr òg på mange moglegheiter for ei aktiv fritid – både på sjø og land. I skogen, fjellet og lysløypa finn du mange fine og varierte turalternativ – anten du føretrekker å gå, springa eller sykla. Storavatnet innbyr til både bading, padling og ferskvassfiske, og det finst ei rekke ulike klatrefelt der du kan utfordra berg og hammar. Naturlegvis kan du også velja å engasjera deg i eit variert lags- og organisasjonsliv.

På historisk grunn

Namnet «Sago» avspeglar historia til tett- og industristaden Sagvåg. Her, på den sjønære eigedomen som hørde til Valvatna-garden, blei det midt på 1500-talet etablert ei oppgangssag. Saga gav etterkvart namn til bygda, og var svært viktig for tømmerekspert, treforedling og aktiviteten på dei mange skipsbyggeria i Sagvåg.





Foto: Jørgen Gruntvig-Olsen





Bustadene

Dei åtte moderne og lettstelte leilegheitene ligg lyst og fint til – like ved bryggekanalen. Blink Hus sine arkitektar har lagt vekt på å gi bustadene funksjonelle og gode planløyser som passar for folk i alle aldrar og livssituasjonar. Her vil alt frå førstegongsetablerarar til seniorar som ønskjer å kvitta seg med ein bustaden finna seg godt til rette.


Bustadene inneheld mellom to og fire soverom, kombinert stove og kjøken, eitt eller to bad, samt innvendig lagringsplass. Alle leilegheitene har «alt på eitt plan»-funksjonane, mens dei to midtarste bueiningane i andre etasje får òg eigne loft.

Dei nøkkelferdige leilegheitene vert leverte med kjøken med kvitevarepakke. Bada vert innreia med flisemønstra baderomspanel, flisa golv og baderomsmøblar. Ønskjer du å setja ditt eige preg på bustaden, tilbyr Blink Hus Valvatne også ei liste med tilvalsmoglegheiter for materialval og innreiring.

Vassboren varme med felles borehol og varmepumpe gir betydelege reduserte oppvarmings/straumkostnader.

Tilkomst:

Frå fylkesveg 545 ved YX-stasjonen i Sagvåg, sving av og følg Fv. 66 sørvestover. Ta tredje avkjørsle til høgre, og følg vegen nordover eit par hundre meter til du passerer Sagvågsbrekko. Kjør vidare nordover langs kaien og inn på Holmen, der du møter Sago-tomta på høgre side av vegen.





Fellesområde

Fellesområdet rundt Sago blir tilrettelagt med parkering, sportsbuer, grøntareal og leikeplass. Det høyrer med carport og utvendig sportsbu til kvar leilegheit. Bustadene i første etasje får inngang og carport på bakkeplan, mens einingane i andre etasje får inngang og carport i flukt med leilegheitene.

Fellesområdet rommar også gjesteparkering og handicap-plassar. Alle vegar og biloppstillingsplassar vert asfalterte, og det blir sett opp eigne miljøstasjonar for bossdunkar.

Det vil bli oppretta eit eige sameige som skal administrera fellesareala, bostøemminga, serviceavtale for brannvernanlegg, samt andre felles interesser. Alle husstandar pliktar å vera med i sameiget.

Fakta om bustadene:

- Åtte leilegheiter med utsikt til hamna
- Sentralt ved Sagvåg
- Bruksareal: 81 til 140 m²
- To til fire soverom
- Vestvendt terrasse/balkong med gode solforhold
- Vassboren varme
- Carport og utvendig sportsbu
- Leikeplass
- Prisar: Frå 3 445 000,–
- Prosjektet er planlagt ferdigstilt i november 2020*.
- Salsperiode til 1. november 2019**

*Kan også ferdigstillast tidlegare

**Med atterhald om nok selde


Husbank-finansiering

Det er søkt om godkjenning for Husbankfinansiering av leilegheitene i Sago. Husbanken har gunstig rente og avdragsfridom ved bustadkjøp, og kan gje lån på inntil 80 prosent av kjøpesummen.

Leilegheit 1

1. PLAN


Areal: **88 m²** | Soverom: **3**



Leilegheit 2

1. PLAN


Areal: **82 m²** | Soverom: **2**



Leilegheit 3

1. PLAN


Areal: 82 m² | Soverom: 2



Leilegheit 4

1. PLAN


Areal: **88 m²** | Soverom: **3**



Leilegheit 5

2. PLAN


Areal: **88 m²** | Soverom: **3**



Leilegheit 8

2. PLAN

Areal: **88 m²** | Soverom: **3**



Leilegheit 6

2. PLAN

Areal: 138 m² | Soverom: 4



Leilegheit 6


3. PLAN / LOFT



Leilegheit 7

2. PLAN

Areal: 140 m² | Soverom: 5



Leilegheit 7

3. PLAN / LOFT



Rombeskriving

Rom	Golv	Veggar	Himling	Innreiing	Elektro	Sanitær/vent
Gang	Fliser, 30x60 cm	Måla gipsplater	Måla gipsplater	Skyvedørs-garderobe	Taklampe	Vassboren varme
Stove	Eikeparkett, 3-stavs, kvitlasert	Måla gipsplater	Måla gipsplater			Vassboren varme
Kjøken	Eikeparkett, 3-stavs, kvitlasert	Måla gipsplater	Måla gipsplater	Kjøken iflg. eigen spesifikasjon, med kvitevarer	4 leddspottar Benkearmatur Komfyrvakt	Vassboren varme Kjøkenbatteri Opplegg for oppvaskmaskin
Soverom	Eikeparkett, 3-stavs, kvitlasert	Måla gipsplater	Måla gipsplater	Skapinnreiing iflg. eigen spesifikasjon	Taklampe	
Bad	Fliser, 20x20 cm 10x10 cm i dusj, nedsenka nisje	Baderomspanel, flisemønster, 60x30 cm, Svalbard	Måla gipsplater	Baderoms-møblar iflg. eigen spesifikasjon	Taklampe Lys i spegel	Vassboren varme Vegghengt toalett Blandebatteri Rette dusjveggar med innslåande dører Opplegg for vaskemaskin
Innvendig bu/teknisk rom	Golvbelegg	Baderomspanel, kvitt	Måla gipsplater		Taklampe Sikringsskap Svakstraumsskap	Varmt-vannsberedar Ventilasjonsaggregat
Sportsbu/utvendig	Betong				Taklampe Trekkerøyr for mogleg straumuttak/ladestasjon Utelampe ved inngangsparti og terrasse	Felles utvendig spylekran

Fasade



Fasade mot aust (bakside)



Fasade mot nord

Generell beskriving

Ytterkledning:	Platekledning med fasadeplater, lys grå farge i inngangsparti. Trekledning, dobbelfalsa, ståande/liggende, målt med to strøk kvitfarge - NCS S-0502Y
Tak:	Tekt med Zanda betongtakstein
Terrassar/balkongar:	Terrassar i 1. et.: Får spaltegolv i trykkimpregnert materiale. Balkongar i 2. et.: Får tett dekke, med spaltegolv i trykkimpregnert materiale. Rekkverk på balkongar blir i rustfritt stål med tona, herda og laminert glas.
Vindauge:	Vert levert med aluminiumsinndekning. Kvitmåla – ute og inne.
Dører:	Ytterdør blir levert kvitmåla med rundt glas, jmf. teikning. Innerdører i kvit, slett utføring. Vridarar i stål.
Listverk:	Standard kvitmåla med slett profil til golv og dører. Listfritt i tak, med unntak av bod og våtrom.
Måling:	Alle gipsoverflater vert sparkla, pussa, grunna og kvitmåla – 0502Y
Ventilasjon:	Balansert ventilasjon med varmegjenvinning. Eiga ventilatorhette over komfyr med kolfilter. Komfyrvakt ved platetopp.
Oppvarming:	Det blir installert vassboren varme i golvet i stove, kjøken, bad og gang. Varmen vert levert frå borehol via ei sentral varmepumpe, plassert i felles bu.
Data:	Det vert levert svakstraumskap og opplegg for fiber.
Inngangsplatting og svalgang.	Vert utført i betong. Rekkverk på svalgang og mot parkeringsområde i 2. etasje vert levert i varmgalvanisert stål.
Vegar/parkeringsplassar:	Vert utført i betong. Rekkverk på svalgang og mot parkeringsområde i 2. etasje vert levert i varmgalvanisert stål.
Carport:	Til kvar bueining vert det bygd carport.
Postkasse/husnummer.	Postkasse og husnummer vert levert og montert.
Utvendig bu:	Til kvar bueining vert det bygd sportsbu.
Elektro:	Elektriske anlegg vert prosjekterte og leverte etter NEC400. For skildring av utstyr, sjå rombeskrivinga.
Røyr:	Komplett opplegg til innteikna utstyr. Leveransen inkluderer vegghengt toalett, dusjveggar, servant med batteri, opplegg til vaskemaskin, kjøkenbatteri og opplegg for oppvaskmaskin (inkl. stoppekran.)
Tilval	Det vert høve til avgrensa val av andre produkt enn standard, etter eige liste.



Fasade mot sør



Fasade mot vest (mot sjø)

Plan- og områdekart



BASIS-KART STORD KOMMUNE

Gnr/Bnr: 55/11

Adresse:

Målestokk: 1:500

Dato: 13.02.2019

Kartet er produsert frå kommunen sine beste digitale kartdatabasar for området, men kan innehalda feil eller manglar. Det kan ikkje utan samtykke frå kommunen nyttast til andre føremål enn det er utlevert til, jfr. lov om årdsverk.



- Bustadhus (takkant)
- Garasje/uthus/anna bygning (takkant)
- Godkjent byggjemelding
- Servituttt/bruksrett
- Sefrak registrert objekt

- Oppmålt eigedomsgrense
- Usikre eigedomsgrenser
- Fiktiv hjelpelinje - ikkje eigedomsgrense
- Ukjent eigedomsførløp





Blink Hus Valvatne er ein del av den tradisjonsrike Valvatne-gruppa på Stord. Dei familieeigde selskapa i gruppa har drive byggjeverksemd i sunnhordlandsregionen i seks generasjonar, heilt sidan 1900.

Blink Hus Valvatne har i ei årrekkje bygd ut større og mindre bustadfelt i Stord og nabokommunane, noko som har gjeve oss solid erfaring og kompetanse på slike prosjekt. Medlemskapen i landets største bustadbyggjarkjede, Blink Hus, gjev oss tilgang på ytterlegare kompetanse på husbygging.

Blink Hus Valvatne held til i Ringvegen 12 på Heiane, Stord. Me har kontor i andre etasje, over byggjevereutsalet til XL Bygg Valvatne. Stikk gjerne innom oss for ein hyggeleg tomte- og bustadprat.

Eit bustadprosjekt frå:



Kontakt

Blink Hus Valvatne

Ringvegen 12
Telefon: 53 40 20 70
blinkhus@valvatne.no

www.blink-hus.no/valvatne



Anders Titland

Mob. 95 96 00 10
at@valvatne.no



Bjørn Storebø

Mob. 98 28 99 39
bs@valvatne.no